


Ass Utenriksråd for utviklingssaker
Postboks 8114 Dep

Via Norad, Direktøren:



Kopi til

- Ambassadane i Etiopia, Mosambik, Nepal, Zambia, Tanzania
- Seksjon for FN politikk
- Seksjon for Sørlege Afrika
- Seksjon for Sør-Asia og Afghanistan (Asia II)
- Seksjon for utviklingspolitikk
- Seksjon for etatsstyring, budsjett og forvaltning
- Avdeling for økonomisk utvikling, likestilling og styresett, Norad
- Avdeling for resultat og metode, Norad
- Avdeling for klima, energi og miljø, Norad
- Avdeling for helse og utdanning, Norad

Arkivkode/ File no:

842.0

Vår ref./ Our ref.:

1201556-77

Deres/ Dykkar ref./ Your ref.:

Vår saksbeh./ Enquiries:
Siv Lillestøl

Dato/ Date:

26.06.2015

Oppfølgingsnotat: Evaluering av norsk støtte til å styrkje kvinner sine rettar og likestilling i utviklingssamarbeidet (Rapport 2/2015)

Evalueringa er gjennomført av Swedish Institute for Public Administration (SIPU), i samarbeid med Overseas Development Institute (ODI) i Storbritannia og Chr Michelsens Institutt i Bergen. Rapporten vart publisert og gjort tilgjengelig på Norad si webside den 11. mai 2015 og diskutert på eit seminar i Norad den 13 mai. 2015.

Bakgrunn

I 2005 gjennomførte evalueringsavdelinga ei evaluering av «Strategien for kvinner og likestillingsarbeidet i utviklingssamarbeidet». Føremålet med evalueringa den gongen var å gi ei vurdering av tilgjengeleg kapasitet og kompetanse til å setje i verk strategien. I tillegg var føremålet å lære meir om korleis Noreg kunne fremje likestilling i bilateralt utviklingssamarbeid. Evalueringa tilrådde den gongen å styrkje kapasiteten til å gjennomføre denne type bistand samt å betre rapporteringa på resultat. Tilrådingane var dei same i midtveis-gjennomgangen av «Handlingsplan for kvinners rettigheter og likestilling i utviklingssamarbeidet» i 2009 noko som førte til at UD etablerte pilot-ambassadar som skulle ha spesiell fokus på kvinner og likestilling inkludert styrka rapportering på resultat.

No er det altså gjennomført ei ny evaluering av den norske likestillingsbistanden. Evalueringa dekkjer perioden 2007-2013 og inkluderer ein skrivebordsstudie av den globale likestillingsinnsatsen, samt case studiar av tre land: Etiopia, Mosambik og Nepal. I tillegg vart det gjennomført ein skrivebordsstudie av den norske likestillingsbistanden til Zambia.

Føremålet med evalueringa

Føremålet med evalueringa er å vurdere i kva grad den norske bistanden har oppnådd resultatata ein hadde sett seg føre i handlingsplanen for kvinners rettigheter og likestilling i utviklingssamarbeidet. I

tillegg skal evalueringa trekkje lærdomar som kan brukast i utforminga av framtidige utviklingstiltak innafor dette feltet.

Har den norske støtta ført til dei resultata ein hadde sett seg føre?

På det internasjonale planet finn evalueringa at :

- Noreg er ein viktig forkjempar for kvinner sine rettigheter og likestilling i internasjonale fora og i det multilaterale systemet. Men systema for rapportering, monitorering og evaluering er svake.

På landnivå finn evalueringa at :

- resultata av norsk bistand for å styrkje kvinner sine rettigheter og likestilling svingar frå svært gode til svake.
- På systemnivå finn evalueringa gode resultat når det gjeld støtte til politisk påverknadsarbeid. For eksempel viser evalueringa at norsk støtte gjennom samarbeidet mellom Kirkens Nødhjelp og Redd Barna i Etiopia har ført til endringar i den offentlige debatten og i vedtatt politikk for å avskaffe omskjering av jenter. Mens norsk støtte som har hatt som mål å bidra til at nasjonale styresmakter aukar bruken av eigne midlar for å styrkje rettane til kvinner og anna likestillingsarbeid, viser svakare resultat.
- På organisasjonsnivå finn evalueringa eksempel på at norsk støtta til å bygge kapasitet rundt rettighet/likestillingsspørsmål er meir effektivt når støtta går til sivilsamfunnsorganisasjonar enn om tilsvarande støtte går til nasjonale styresmakter og FN organisasjonar. Vidare finn evalueringa at den norske pådrivarrolla for kvinner og likestilling som ein ser på det internasjonale planet, ikkje er like tydelig på landnivå.
- På prosjektnivå varierer òg oppnådde resultat mykje. Når det gjeld støtte som skal skape endringar på individnivå – at kvinner og jenter skal få ein betre kvardag – finn evalueringa eksempel på at norsk bistand har ført til at kvinner har fått styrka stillinga si på hushaldsnivå og i lokalsamfunnet (for eksempel gjennom landbruksprosjekt i Mosambik og Nepal), samt at lokale leiarar har fått auka kunnskap og forståing for spørsmål knytt til kvinner sine rettigheter og likestilling for eksempel gjennom eit fornybar energi prosjekt i Nepal. Medan resultata av norsk bistand som søker å mobilisere støtte frå menn og gutar når det gjeld å styrkje kvinner sine rettar og likestilling, er svakare.

Vidare summerer rapporten opp funn knytt til sterke og svake sider ved den norske likestillingsbistanden:

Sterke sider

- truverdig stemme i internasjonale fora
- vilje til langsiktig støtte som gjer det mogeleg å jobbe med sosiokulturelle normer og praksis knytt til rettighet- og likestillingsspørsmål
- støtte gjennom sivilsamfunnsorganisasjonar, inkludert tradisjonelle og religiøse leiarar som ofte spelar ei stor rolle i å forme folkeopinionen når det gjeld sensitive rettighetsspørsmål
- støtte til sårbare grupper inkludert grupper som jobbar mot skadelige tradisjonelle praksisar, og organisasjonar/personer som jobbar for å styrkje rettighetene til seksuelle minoritetar

- løyvinga til kvinner og likestilling (kap. 168/post 70) som kan finansiere katalytisk arbeid for å styrkje kvinners rettar og likestilling på landnivå
- flinke fagfolk i Norad

Svake sider

- bistanden er relativt liten samanlikna med dei største bilaterale givarane i OECD.
- liten kapasitet i bistandsforvaltninga
- svak kompetanse i bistandsforvaltninga når det gjeld «gender» kompetanse, prosjektoppfølgning og resultatrapportering
- inkonsekvent/lite strategisk bruk av løyvinga til kvinner og likestilling (kap. 168/post 70)

Tilrådingar

Hovudtilrådingane i rapporten for å styrkje resultat av den norske støtta til kvinner sine rettigheter og likestilling kan delast inn i tre:

- Meir strategisk bruk av likestillingsbistanden som byggjer på dei sterke sidene ved norsk likestillingsbistand.
- Innføre obligatorisk og meir systematisk rapportering på resultat.
- Styrkje kapasitet og kompetanse i den norske bistandsforvaltninga både når det gjeld «gender» kompetanse, prosjektoppfølgning og rapportering på resultat.

Synspunkt til involverte partar

Rapporten vart presentert og diskutert på eit seminar i Norad den 13. mai 2015 der vi stilte spørsmålet: Er det på tide å gjere nokre val i norsk likestillingsbistand? Statssekretær i UD Hans Brattskar, Kristin Clemet (Civita) og Marte Gerhardsen (Agenda) var spesielt invitert for å starte diskusjonen.

Rapporten vart godt mottatt. Både innleiarane og dei frammøtte tok til ordet for at det er nødvendig med endringar i norsk likestillingsbistand. Utanriksdepartementet ved Brattskar nemnte konsentrasjon rundt land og sektor som mulige måtar å byrje endringsprosessane på. Det vart og tatt til ordet for å bygge vidare på dei sterke sidene ved norsk likestillingsbistand som rapporten viser til. Inkludert rolla Noreg har spelt i å sette kvinner sine rettar og likestilling på dagsorden i internasjonale fora. Marte Gerhardsen hevda at den norske stemma, om mogeleg, er endå viktigare no enn tidlegare då kampar som ein trudde var vunne fleire år tilbake, no er under press. Det vart og stilt spørsmål ved om den norske likestillingsbistanden er for donororientert. Ynskjer vi å oppnå likestilling eller likeverd spurte Kristin Clemet og ba om ei avklaring av omgrep i den norske likestillingsbistanden.

CARE tok til ordet for ei feminisering av norsk bistand og støtta tilrådinga i rapporten om å inkludere likestilling og kvinner sine rettigheter i dei store politiske satsingane til Noreg i større grad enn det som er tilfelle i dag. Dette tok og Fokus tok til ordet for og nemnte energi og finanssektoren spesielt. Medan Røde Kors etterlyste ei klargjering av kva integrering av kvinners rettigheter og likestilling betyr i praksis.

I etterkant av seminaret vart relevante avdelingar i UD og Norad, samt ambassadar invitert til å sende inn kommentarar til den endelige rapporten. Dei innkomne kommentarane er summert opp som følgjer:

Avdeling for økonomisk utvikling, likestilling og styresett (ØKS), Norad

ØKS meiner at evalueringa kunne vore sterkare når det gjeld å dokumentere årsakssamanhengar og føresetnader knytt til resultat/mangel på resultat. Men meiner likevel at evalueringa sannsynleggjer årsak og verknader for å få fleire og betre resultat av norsk likestillingsbistand.

ØKS stiller seg bak hovudtilrådingane i rapporten om at norsk bistand på dette feltet bør konsentrerast og at det bør satsast på dei områda der Noreg har komparative fortrinn. I oppfølginga av evalueringa forslår ØKS at dei komparative fortrinna blir konkretisert samt at det blir utarbeida ein eksplisitt endringsteori for satsingsområda. Vidare meiner ØKS at ein nærliggjande geografisk konsentrasjon av den norske støtta er dei 12 fokuslanda og dei 5 satsingslanda for oppfølging av «Sikkerhetsrådsresolusjon 1325». Men når det gjeld tematisk konsentrasjon og talet på partnarar – samt kriterier for val av desse – meiner ØKS at desse bør vurderast nærmare.

Vidare støtter ØKS tilrådinga i rapporten om å følge opp lærdomane frå pilotambassadane. ØKS støtter og tilrådinga i rapporten om å vidareutvikle definisjonen av resultat frå tiltak retta mot kvinner og likestilling. Men peikar likevel på at utfordringane knytt til resultatmåling som evalueringa viser til, er et systemproblem som ikkje er spesifikk for bistand til kvinner og likestilling. Her trengs det ifølgje ØKS ein kombinasjon av å styrkje forvaltningsrutinar og krav til resultatrapportering samt opplæring av tilsette i utanrikstenesta og partnarar.

ØKS støtter og tilrådinga i rapporten om bruke gender merkinga i PTA-systemet meir konsekvent. Men seier at dersom resultatata skal bli betre når det gjeld kvinner sine rettigheter og likestilling i dei store politiske satsingane til Noreg (inkludert klima, energi og næringsutvikling), må eventuelle delmål for dette arbeidet formulerast klarere og verknader av tiltaka for kvinner sine rettigheter og likestilling, må utreiast i planleggingsfasen. ØKS peikar og på at det ikkje er gitt at andelen likestillingsmerka bistand er eit relevant mål på norsk likestillingsinnsats då merkinga ikkje blir knytt til kva ein oppnår med midlane.

Når det gjeld tilrådinga om meir strategisk bruk av Kap 168.70 støtter ØKS også denne tilrådinga. Men peikar på at bruken av denne løyvinga bør gjennomgåast før ein eventuelt bestemmer om ordninga skal behaldast. Skal ordninga behaldast foreslår ØKS at kapittelposten blir brukt til metodeutvikling, styrking av relevant statistikk, datatilfang og innovasjon.

Avdeling for resultat og metode (AMOR), Norad

AMOR meiner at tilrådinga i rapporten om å utvikle ein endringsteori for den norske likestillingsbistanden, kan bidra til betre resultatoppfølging. Men åtvarar mot at ein legg endringsteorien som er utarbeida av evalueringsteamet til grunn i dette arbeidet. Ifølgje AMOR er denne endringsteorien meir eit målhierarki enn ein endringsteori. Men og som målhierarki er den foreslåtte endringsteorien problematisk ifølgje AMOR. Problema er blant anna knytt til at målhierarkiet introduserer «Super-impacts» som er framandt i Norad si praktisering av resultatnivå. I tillegg sidestiller evalueringsteamet svært ulike effektar (outcomes) som etter AMOR si oppfatning høyrer heime på forskjellige nivå i eit målhierarki. Mest problematisk er det likevel, ifølgje AMOR, at evalueringa plasserer styrking av intern kapasitet og rapporteringsmekanismer på kvinner sine rettar og likestilling i UD, Norad og på ambassadane på same resultatnivå som konkrete forbetringar i livet til kvinner (den reelle målgruppa). Styrking av system og kapasitet i eigen bistandsforvaltning må ifølgje

AMOR vere virkemiddel for å auke effekten for målgruppene lenger oppe i resultatkjeda, og ikkje eit mål i seg sjølv. Dersom kapasiteten må styrkast for å kunne oppnå effekt for målgruppa, så må det etter AMOR si meining inngå i administrative/operasjonelle tiltak utanfor resultatkjeda til programmet.

Når det gjeld diskusjonane i rapporten rundt målretta versus integrert tilnærming til likestilling i norsk bistand, så er det ifølgje AMOR ikkje evidens i rapporten for å kunne påstå at målretta innsats er meir effektivt enn integrert tilnærming til likestilling. Det som kjem fram i landstudiane, seier AMOR, er eksempel på både vellukka tiltak i energisektoren i Nepal og i jordbrukssektoren i Mosambik, og mindre vellukka tiltak i energisektoren i Mosambik (til og med negative konsekvensar). Men ifølgje AMOR, er det ikkje tydelig om målretta eller integrerte likestillingstiltak er ein del av forklaringa på graden av suksess, og utvalet av prosjekt som er evaluert er uansett for lite til å generalisere om ein slik kausaleffekten. Det som likevel har kome tydelig fram gjennom evalueringa, ifølgje AMOR, er at det i dag ikkje er tilstrekkelig klart for tilsette på ambassadane, i UD og Norad kva integrering av likestillingsperspektivet betyr og korleis det skal settast i verk noko AMOR seier dei og får stadfesta i forvaltningsgjennomgangane på ambassadane.

I oppfølginga meiner AMOR at det bør vere klart at dersom ein ønskjer integrering av kvinner sine rettigheter og likestilling i norsk bistand, så vil det krevje ei operasjonalisering av kva dette betyr. Vidare seier AMOR at det bør utviklast metodar for å måle effektar for målgruppene (både positive og negative) som del av monitoreringa av tiltaka. Skal ein få til ei god operasjonalisering og gjennomføring, trur AMOR at det *først* må avklarast frå politisk hald kva ambisjonar Noreg har for integrering av kvinner sine rettar og likestilling (og andre tverrgåande omsyn) i norsk bistand. Trass i at det står i handlingsplanen, i St.prp. 1 og i ordningsregelverka at kjønnsperspektivet skal vurderast som tverrgåande tema, er korkje ambisjon eller mål for slik integrering, ifølgje AMOR, klart.

AMOR stiller spørsmål ved funnet i evalueringa om at Noreg ligg relativt langt nede på lista over samanliknbare OECD gjevarar når det gjeld volum på likestillingsmarkert bistand. Spesielt stiller AMOR spørsmål ved om avstanden mellom Noreg og Sverige er så stor som det kjem fram i rapporten. I samanlikninga med Sverige meiner AMOR at det blir viktig å understreke at det er Sverige som skil seg ut, med over 60 prosent av all sin bilaterale og multi-bi bistand markert (mot 45 % for den neste på lista). Kommenterar frå salen under presentasjonen av evalueringsfunna samt kjennskap til Sverige sine retningsliner for bruk av markøren, kan ifølgje AMOR indikere at Sverige overrapporterer og at skilnaden mellom Noreg og andre gjevarar likevel ikkje er så stor.

Vidare peikar AMOR på at mange av utfordringane som rapporten finn i samband med svak resultatrapportering og gjeld for all norsk bistand noko og ØKS har kommentert. Når evalueringsteamet foreslår «gender focal points» på ambassadane for å styrkje rapporteringa, trur AMOR at det trengs større grep for å styrkje resultatrapporteringa generelt og ikkje berre innanfor eit spesifikt tema. Liknande styrking med personell/ekspertrroller har også, ifølgje AMOR, vore foreslått tidligare på klima og anti-korrupsjon. Dersom den administrative kapasiteten heller ikkje i næraste framtid går opp i takt med auke i budsjett og forvaltningskrav, blir det, ifølgje AMOR vanskelig å sjå for seg løysingar som inneber meir personell/fleire spesialistar/roller å ivareta, uansett kor fornuftige forslaga isolert sett er. AMOR viser og til meir generelle forslag til styrking av resultatrapportering som er framsett i fleire notat frå Norad til UD (i samband med etatsstyringsmøter i 2013), «forsterket resultatfokus» i 2014, og i oppfølginga av Evaluerbarhetsstudien).

Avdeling for klima, energi og miljø (KEM), Norad

I oppfølginga av evalueringa foreslår KEM at ein innfører «gender» analyser i samband med planlegging av bistandsprogram innfor landbruk og klima. Vidare foreslår KEM at ein i tråd med

tilrådinga i rapporten om å betre rapportering på resultat, innfører rapportering på outcome og impact-nivå. No er rapporteringane, i følge KEM, oftast på output nivå, utan at det går fram av rapporteringa om programma har ført til endringar i kvinnene sin livssituasjon.

Avdeling for helse og utdanning (HUF), Norad

HUF meiner det er viktig at Noreg held fram med å vere ein pådrivar for likestilling gjennom det multilaterale systemet som for eksempel gjennom UNICEF og UN Women. Men foreslår at Noreg i oppfølginga av evalueringa og jobbar meir aktivt for å fremje utdanning av jenter og likestilling gjennom det globale partnerskapet for utdanning (GPE).

Vidare peikar HUF på at Noreg i arbeidet med å fremje utdanning av jenter og likestilling bør tydeliggjere at «gender equality» betyr å fremje lik *tilgang* til utdanning for jenter og gutar (gender parity), men at Noreg og må jobbe med å finne gode indikatorar og måtar å monitorere likestilling i utdanning på. Lik tilgang til utdanning seier HUF, kan relativt enkelt målast med etablerte indikatorar som talet på jenter og gutar som begynner på eller fullfører utdanning, repeterer eller fell utanfor. Medan det vil krevje ein større innsats å måle likestillingsresultat i utdanninga inkludert arbeid med å fremje kjønns sensitivitet i læreplaner, læremateriell, lærarutdanning og haldningar blant lærarar.

I tillegg etterlyser HUF ei drøfting i landstudien av Etiopia om kvifor talet på prosjekter med gender markør vart redusert i evalueringsperioden. Grunnane var ifølgje HUF føringar frå UD samt reduksjon i talet på tilsette ved ambassaden som følgje av den politiske situasjon mellom Noreg og Etiopia.

Vurderingar og tilrådingar om oppfølging frå Evalueringsavdelinga (EVAL)

EVAL meiner at rapporten svarer på mandatet og at kvaliteten på rapporten er god, der funn og konklusjonar kan forsvarast. EVAL meiner og at rapporten eignar seg godt til å sparke i gang ein diskusjon om framtidig innretting av den norske bistanden for å styrkje kvinner sine rettar og likestilling. Konsentrasjon og prioritering samt styrking av kapasitet og kompetanse i bistandsforvaltninga er viktige stikkord i ein slik diskusjon.

EVAL vil likevel peike på at endringsteorien for norsk likestillingsbistand som evalueringsteamet har utvikla med utgangspunkt i målsettingane som er nedfelt i handlingsplanen for kvinners rettigheter og likestilling i utviklingssamarbeidet, ikkje nødvendigvis samsvarer med det som er gjengs oppfatning av kva som blir definert som resultat i den norske bistandsforvaltninga. Spesielt det at styrking av kapasitet blant tilsette i bistandsforvaltninga og i partnerland blir definert som resultat på mellomlang sikt (outcome nivå), har fleire reagert på (sjå for eksempel kommentarane til AMOR). Mange ser styrking av kapasitet som resultat på eit lågare nivå. Evalueringsteamet har på si side argumentert sterkt for at styrking av kapasitet *er* resultat på mellomlangt sikt (outcome nivå). Evalueringsteamet stiller spørsmål ved om det er for strenge krav til kva som blir definert som resultat i den norske bistandsforvaltning. Spesielt på eit felt som likestilling som krev langsiktig satsing, må det ifølgje teamet vere lov å definere styrking av kapasitet i egne rekke for å nå slike langsiktige målsettingar som eit resultat, sjølv om slik kapasitetsbygging ikkje i seg sjølv fører til betringar for kvinner og jenter i utviklingssamarbeidet.

Uansett korleis ein i oppfølginga av evalueringa vel å definere resultat av norsk likestillingsbistand så meiner EVAL at rapporten peikar på viktige hindringar for at norsk likestillingbistand skal oppnå betre resultat enn det som kan dokumenterast i dag. Målet om å styrkje kapasitet i den norske likestillingbistanden er ikkje nådd, tvert om. Manglande som blir peika på i denne evalueringa vart og trekt fram i 2005 evalueringa..

EVAL vil og trekkje fram funna i rapporten som viser at rapporteringa på resultat frå den norske likestillingsbistanden er mangelfull. Mangelfull rapportering samt liten kapasitet og kompetanse i den norske bistandsforvaltning, er etter kvart velkjende funn i våre evalueringar. Ikkje desto mindre blir det då slik EVAL ser det, viktig at dette blir følgt opp både på administrativt og politisk nivå. Det er lite hjelp i ambisiøse mål for norsk likestillingsbistand om det ikkje er kapasitet eller kompetanse i bistandsforvaltninga eller hos partnerar til å nå desse målsettingane. Vidare er det og lite hjelp i å ha fokus på resultat om ein ikkje kan stadfeste at desse blir nådd.

Vidare ynskjer EVAL å trekke fram at diskusjonar rundt evalueringsfunna har avdekka at det i dag ikkje er klart for tilsette på ambassadane, i UD eller Norad kva integrering av likestillingsperspektivet betyr og korleis det skal settast i verk. Dette har òg AMOR peika på i sine kommentarar. Både i forhold til iverksetting av St.prp. 1 og i forhold til oppfølginga av denne evalueringa, blir det derfor viktig å få klarlagt korleis integrering av likestillingsperspektivet skal forståast i den norske bistandsforvaltninga.

Evalueringsavdelinga foreslår med dette at departementet legg tilrådingane i rapporten til grunn i framtidig innretting og forvaltning av norsk støtte til å styrkje kvinner sine rettigheter og likestilling i utviklings samarbeidet. Tilrådingane er sett opp i ein tabell noko vi trur kan vere til hjelp når departementet utarbeidar oppfølgingsplan og – rapport. Merk at evalueringsavdelinga har delt dei ni tilrådingane i rapporten inn i tre hovudgrupper.

Tilråding	Tiltak (eller grunngeving for ikkje å følgje opp)	Ansvarleg for tiltak	Tidsramme	Resultat / endring / kommentar
<p>Meir strategisk bruk av likestillingsbistanden som byggjer på dei sterke sidene ved norsk likestillingsbistand:</p> <ul style="list-style-type: none"> – Satse på område der Noreg har komparative fortrinn og der støtta kan spele ei katalytisk rolle. – Ta lærdom frå og bygge på erfaringar frå satsinga på pilotambassadane. – Auke/bruke løyvinga til kvinner og likestilling (kap. 168/post 70) meir strategisk – Få støtte til kvinner og likestilling inn i dei store norske satsingsområda (tenke stort). 				
<p>Innføre obligatorisk og meir systematisk rapportering på resultat:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utvikling av TOC for den norske likestillingsbistanden inkludert ei klargjering av forventat resultat - Bruke «gender» markøren meir konsekvent - Klargjere arbeidsdelinga mellom UD, Norad, og ambassadane når det gjeld kven som har ansvar for å levere/rapportere på resultat av den norske støtta 				

Dato/ Date.

Vår ref./ Our ref.:

26.06.2015

1201556-77

Tilråding	Tiltak (eller grunngeving for ikkje å følge opp)	Ansvarleg for tiltak	Tidsramme	Resultat / endring / kommentar
Styrkje kapasiteten og kompetansen i den norske bistandsforvaltninga når det gjeld «gender», prosjektoppfølgning og rapportering på resultat.				

Vi minner om den vidare prosedyren der utanriksråden på grunnlag av notat frå den avdelinga som er ansvarlig for tiltaket som er evaluert, gjere vedtak om kva saker som skal følgjast opp, innafor kva tidsrammer, og av kven. Denne oppfølgingsplanen skal sendast til involverte partar innan seks veker med kopi til evalueringsavdelinga og til direktøren i Norad. Vidare skal den ansvarlege avdelinga seinast innan eit år, rapportere til utanriksråden om korleis planen er følgt opp.

Dette oppfølgingsnotatet er utarbeida i tråd med «Instruks for evalueringsvirksomheten i norsk bistandsforvaltning» av 29. mai 2006 og vil bli gjort offentlig kjent i eit tilpassa format på www.norad.no/evaluering.

Per Øyvind Bastøe
Direktør
Evalueringsavdelinga

Siv J. Lillestøl
Seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krever ikke signatur.